



Den nye soknepresten vår, Lina Håland, formidlar julebodskapen på ein fin måte i julenummeret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Populære Uskedalsposten er inne i sin 10. årgang, og no er nok eit flott julenummer klar til å bli lagt ut for salg. Juleheftet er på heile 44 sider, og det er stor breidde i innhaldet. Her er stoff for alle, både

gammal og ung, slik det skal vere i eit godt julehefte.

Det er Hobbyklubben som står bak dette populære tiltaket, og både ekteparet Tore og Britt Torill Myklebust Mathiesen og redaktør Ola Matti Mathisen har vore med frå første nummer. Imponerende! Denne gongen har dei med seg dei to flinke ungdommane Emma Myklebust Ripel og Helena Kjerpeseth i redaksjonen. I tillegg har trufaste bidragsytarar som Olaf Agnar Gausvik, Kristian Olav Bringedal og Thor Inge Døssland også denne gongen levert interessant stoff.

Den nye soknepresten vår, Lina Håland, er naturleg nok ny i denne samanhengen. Ho ber fram julebodskapen på ein fin måte gjennom gode ord og ein fin julesang som ho presenterer.



Andre og Kristian Øvstebø er to tøffe unggutar som kan fortelja om friske naturopplevingar.(Foto: Jan Øvstebø)

Elles kan lesarane kosa seg med å lesa om Herbrand Lavik - skribenten som elska Skorpo, om dei unge friluftskarane Andre og Kristian Øvstebø, eit kjekt portrettintervju med Hans Gustav Mussland, historisk stoff om både Rødtunet som jubilerer og den gamle telegrafan. Om sistnemnde bidreg Gerd Stoknes med interessant stoff.

Å lesa om sjømannsmisjonen sin aktive periode i bygda vil heilt sikkert falla i smak. Mange minnest det store arbeidet dei gjorde.



Kristbjørg Arnesen, Margit Myklebust, Jenny Haugland og Solveig Haugland Olsson var saman med andre svært driftige i den aktive sjømansmisjonen vi hadde i bygda (Foto: Privat)

Godt, interessant og tankevekkande julestoff er det og når tidlegare misjonær Gunnar Kjærland fortel om si første jul i Etiopia gjennom Ola Matti Mathisen sin gode penn.

Ungdommane i redaksjonen har vore både produktive og flinke. Dei gjer Uskedalsposten sitt julenummer til eit komplett julehefte. Dei presenterer både julesnop-test, fristande juleoppskrifter og enqueten 'Ti om jula'.

I tillegg har dei eit kjekt intervju med vaskedama på skulen, Ingunn Olsen. Flott julestoff presenterer dei og ved at dei har vore i Dønhaug Gardsbarnehage og intervjuar både barn og vaksne. Flott levert Emma og Helena!!

Den tekniske kvaliteten er og svært god. Bladet vert trykt hos Kvinnherad Vekstbedrift. Dei har no teke i bruk ny maskin noko som viser att på betre kvalitet. Dessutan vil eg denne gangen framheva biletbruken som er god og framhevar det som er skrive; - dei er aktuelle, og i tillegg er det nokre det er ein interessann historisk sus over!

Eg anbefalar alle å kosa seg med dette gode juleheftet. Og ikkje minst; - hugs kor stor glede utflytte uskedelingsar vil ha av dette!



Både Randi Nybakk og born i Dønhaug Gardsbarnehage er intervjuva om tankar rundt jula.(Foto: Helena Kjerpeseth/Emma M. Ripel)
Tekst og nett: Thor Inge Døssland